



## NOTAT

### Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppa  
Frå: Sekretariatet  
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon: Erlend Otterå  
[Fyll inn] / [Fyll inn]  
Vår dato: 17.04.2026

## Sak 27/26 Handlingsprogram 2027-2029

### 1. Bakgrunn

I førre møte vedtok styringsgruppa bruk av post 30 i 2027, som er Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2027. Dei vedtok også ei innbyrdes prioritering av prosjekta som blir spelt inn til statsbudsjettet.

I denne saka skal styringsgruppa vedta heile handlingsprogrammet for 2027 til 2029.

Notatet er sortert etter finansieringskjeldene og inkluderer tabellar som viser handlingsrommet innanfor kvar finansieringskjelde og prosjektoversikter med kostnadar og vurderingar av måloppnåing og modenheit.

Det er to vedlegg til notatet. Vedlegg 3a er prosjektporteføljen for 2026. Porteføljen er ei liste over alle planlagde prosjekt i Miljøløftet, og inneheld utdjupande informasjon om prosjekta, inkludert finansiering og framdriftsplan. I vedlegg 3b er vurderingane av måloppnåing og modenheit, gitt av arbeidsgruppene og samordningsfunksjonen, samla. Dokumentet inneheld viktige kommentarar og relevant informasjon, som av framstillingsomsyn ikkje blir sitert i dette notatet.

## 2. Post 30: Programområdemidler riksveg, og kommunal og fylkesveg

Dei statlege programområdemidlane skal brukast på framkometiltak for kollektivtrafikk, sykling og gåing, som bidreg til å oppfylle nullvekstmålet. Midlane kan og nyttast til kommunale og fylkeskommunale gange-, sykkel- og kollektivtiltak, inkludert innfartsparkering. Det er føresett at bruken blir avgrensa til investeringar, og at ei slik prioritering blir vurdert som meir kostnadseffektiv eller aukar måloppnåinga i avtalen samanlikna med tiltak på riksveg.

Tabellen nedanfor viser tilgjengelege midlar sett opp mot innspelte prosjektkostnadar for kvar kommune. Kolonnen «Handlingsrom 2027-2029» viser gjenstående midlar i byvekstavtalen som kan bli brukt til å starte nye prosjekt. Kolonnen «Innspel HP27-29» viser kostnadane til nye prosjekt i perioden 2027-2029. Avviket mellom desse kolonnane står i kolonnen «Differanse». Restbehovet etter 2029 står i den siste kolonnen.

Post 30	Handlingsrom 2027-2029	Innspel HP27-29	Differanse	Restbehov etter 2029
Bergen	1 102	788	314	1 370
Alver	257	73	184	28
Askøy	249	317	-68	152
Bjørnafjorden	92	97	-5	115
Øygarden	107	81	26	12
<b>Sum</b>	<b>1 807</b>	<b>1 356</b>	<b>450</b>	<b>1 677</b>

Som tabellen viser, har Askøy og Bjørnafjorden spelt inn prosjekt for meir enn handlingsrommet i perioden. Dei andre kommunane har nok gjenstående midlar til å dekke alle kostnadar som påløper innan 2029. I tillegg til kostnadane i 27-29, har ein del prosjekt eit restbehov etter 2029. Samla sett utgjør det 1,7 mrd., som er meir enn handlingsrommet i dagens avtale.

Det er nokre uavklarte spørsmål knytt til restbehovet og finansiering av prosjekt i overgangen til ei ny byvekstavtale. Problemstillinga vart belyst i styringsgruppa sak 16/26, der lokale partar bad om at staten, ved Samferdselsdepartementet og Kommunaldepartementet gir nærare avklaringar knytt til overgangen til reforhandla avtale.

Likevel har ingen av dei nye prosjekta med kostnadar i 2027 restbehov etter 2029. Det betyr at handlingsprogrammet i år kan bli vedtatt utan at ein bind opp midlar etter avtaleperioden.

Styringsgruppa vedtok i førre møte bruk av post 30-midler i 2027, og med det innspel til statsbudsjettet 2027. Det er i dette møtet mogleg å justere korleis post 30-midlane skal bli fordelt i handlingsprogrammet i resten av perioden, det vil sei i perioden 2028 og 2029.

### 3. Innspel til bruk av post 30

Prosjekta som er føreslått til handlingsprogrammet 2027-2029 over post 30, er lista opp i tabellane under. Den første tabellen viser prosjekt med bindingar, det vil sei prosjekt som har fått løyving i statsbudsjettet tidlegare, og som staten har forplikta seg til vidare finansiering av. Desse vil derfor vere med i handlingsprogram 2027-29.

#### Prosjekt med bindingar:

Kommune	Prosjektnamn	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Bergen	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2, Nesttun–Skjold	13 000	13 000	-	-	-
Bergen	Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	7 700	7 700	-	-	-
Bergen	Johan Berentsens vei - etablering av fortau	33 152	23 734	9 418	-	-
Øygarden	Skogsskiftet sentrumsområde	111 700	29 000	48 600	34 100	1 620
Øygarden	Bildøyvegen/Straumsundet bru	194 683	27 039	91 934	75 710	10 764
Bjørnafjorden	Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	7 035	7 035	-	-	-
Alver	Ostereidet/Lindsdalen, fortau	21 965	21 155	810	-	-
Alver	Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	4 600	4 600	-	-	-
<b>Totalsum</b>		<b>393 835</b>	<b>133 263</b>	<b>150 762</b>	<b>109 810</b>	<b>12 384</b>

Dei resterande tabellane er alle andre prosjekt fordelt per kommune, og sortert først etter måloppnåing og deretter modenheit. Kostnadskolonnen viser berre planlagde kostnadar over post 30 i perioden 2027-2029.  Dette er prosjekt som styringsgruppa kan velje å prioritere inn i handlingsprogrammet 2027-29. Merk at kostnadane for 2027 allereie er vedtatt av styringsgruppa og derfor ikkje vil vere del av diskusjonen i dette møtet.

### Post 30: Alver

Prosjektkostnadane i 2027-2029 ligg innanfor handlingsrommet i perioden. Det er derfor rom til å prioritere alle prosjekta i handlingsprogrammet.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
<b>Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29</b>			<b>257 000</b>				
E39 x Fv.564 på Flatøy i Alver kommune	4	9	45 000	5 000	40 000	-	-
Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	2	8	25 000	-	-	25 000	12 200
Fv5452 Hillesvåg-Apalen, etablering av G/S-veg	2	5	3 000	-	-	3 000	16 250
<b>Totalt</b>			<b>73 000</b>	<b>5 000</b>	<b>40 000</b>	<b>28 000</b>	<b>28 450</b>

### Post 30: Askøy

Det er spelt inn prosjekt for meir enn handlingsrommet i perioden. Prioriteringsrådet foreslår at prosjektet *Gang- og sykkelveg Kollevågvegen (Tveit-Ravnanger)* ikkje blir prioritert i denne omgang. Prioriteringsrådet tilrår derfor å prioritere prosjekta som vist i tabellen nedanfor.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
<b>Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29</b>			<b>249 000</b>				
<i>Prosjekt foreslått til prioritering i HP27-29:</i>							
Kv 1156 Skarholmvegen	3	9	36 743	5 175	31 568	-	-
Innfartsparkeringsanlegg Løfjellet	3	9	100 000	-	-	100 000	65 600
Fv 5256 Erdalsvegen	2	9	47 000	-	5 000	42 000	70 700
Fortau langs Erdalsvegen ved kryss Erdal barneskole og kryss Erdal ungdomsskole	2	9	15 525	-	15 525	-	-
Nordre Hauglandsveg	3	8	38 000	-	15 000	23 000	3 850
<b>Delsum, foreslått prioritering</b>			<b>237 268</b>	<b>5 175</b>	<b>67 093</b>	<b>165 000</b>	<b>140 150</b>
<i>Ikkje foreslått til prioritering i HP27-29:</i>							
Kv 1212 gang- og sykkelveg Kollevågvegen (Tveit - Ravnanger)	2	9	80 000	-	30 000	50 000	11 500
<b>Totalt</b>			<b>317 268</b>				

## Post 30: Bergen

Prosjektkostnadane i 2027-2029 ligg innanfor handlingsrommet i perioden. Det er derfor rom til å prioritere alle prosjekta i handlingsprogrammet.

Lista har vore diskutert i prioriteringsrådet. Partane hadde ulike synspunkt knytt til prosjektet *Innfartsparkering Åsane terminal*. Det blei frå fleire av partane peika på at det er usikkerheit knytt til måloppnåing i prosjektet, og at prosjektet blei levert lenge etter innmeldingsfrista for prosjekt og derfor ikkje oppfyller formelle krav for å bli vurdert til handlingsprogrammet. Det blei også stilt spørsmål ved om det er hensiktsmessig å spele inn prosjektet til handlingsprogrammet før nødvendige vurderingar og Bergen kommune sitt planlagde forprosjekt for å avklare det nærmare, er gjennomført. Frå Bergen kommune blei det vist til at byrådet har vedteke at prosjektet skal inngå i handlingsprogrammet. Det blei derfor peika på at styringsgruppa bør vurdere om prosjektet skal vere med i handlingsprogram 2027-2029 eller ikkje.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Alle	4	9	96 180	-	44 830	51 350	21 070
Paradis 2. byggetrinn	3	9	66 200	-	24 800	41 400	68 700
Mindemyren, byggetrinn 2	3	9	35 000	-	5 000	30 000	224 785
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	3	9	18 000	-	3 000	15 000	203 950
KV5294 Reianevegen gang- og sykkelbro over Storelva	3	9	30 000	10 000	20 000	-	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 5B, Fjøsangerveien/Solheimsgaten-Fabrikkgaten	3	9	65 000	-	5 000	60 000	59 222
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4A, Fjøsanger-Kanalveien	2	9	60 000	-	5 000	55 000	239 596
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 4B, Kanalveien-Kristianborg	2	9	5 000	-	-	5 000	141 000
Nattlandsveien, Wiers-Jenssens vei-Hagerups vei	2	9	20 000	-	-	20 000	146 900
Vilhelm Bjerknæs' vei	2	9	5 000	-	-	5 000	6 900
Nymark øst. Sykkelprioriterte gater og tilpasning av kjøremønster	4	8	25 000	-	25 000	-	-
Wiers-Jenssens vei. Fremkommelighet og sikkerhet	3	8	64 950	3 000	30 000	31 950	-
Gabriel Tischendorfs vei, Frydenbølien og Gyldenprisveien. Sikkerhet og fremkommelighet.	3	8	67 275	17 595	24 840	24 840	-
Bjørndalsbakken bro. Økt framkommelighet for myke trafikanter.	3	8	31 050	-	15 525	15 525	-
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3A, Nesttun-Hop	3	8	45 000	-	5 000	40 000	175 295
Grimstadvegen	3	8	55 000	-	5 000	50 000	82 300
Sykelstamveg Bergen, delstrekning 3B, Hop-Fjøsanger	4	6	20 500	2 000	18 500	-	-
Gang- og sykkelveg Ytre Arna - Breistein	3	6	9 107	517	8 590	-	-
Innfartsparkering Åsane terminal	-	-	69 750	-	35 250	34 500	-
<b>Totalt</b>			<b>788 012</b>	<b>33 112</b>	<b>275 335</b>	<b>479 565</b>	<b>1 369 718</b>

## Post 30: Bjørnafjorden

Bjørnafjorden har spelt inn for meir enn handlingsrommet. Avviket er likevel relativt lågt (5 millionar), og det er knytt usikkerheit rundt kostnadane i nokre av prosjekta, som betyr at tala sannsynlegvis vert endra ved neste rullering av handlingsprogrammet. Prioriteringsrådet drøfta dette og tilrår at alle prosjekta i Bjørnafjorden blir prioritert.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
<b>Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29</b>			<b>92 000</b>				
Hauge–Osøyro	2	9	15 000	-	-	15 000	114 500
Oppgradering holdeplasser E39 Bjørnafjorden	4	8	1 850	600	1 250	-	-
Innfartsparkering og kollektivterminal Osøyro	3	7	80 000	-	20 000	60 000	-
<b>Totalt</b>			<b>96 850</b>	<b>600</b>	<b>21 250</b>	<b>75 000</b>	<b>114 500</b>

## Post 30: Øygarden

Prosjektkostnadane i 2027-2029 ligg innanfor handlingsrommet i perioden. Det er derfor rom til å prioritere alle prosjekta i handlingsprogrammet.

Prosjektnamn	Modenheit	Måloppnåing	Kostnad 27-29	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
<b>Handlingsrom til nye prosjekt i handlingsprogram 27-29</b>			<b>107 000</b>				
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	4	8	70 100	3 000	30 000	37 100	-
Akse Straume sjøfront til Varden	2	8	10 850	5 450	5 400	-	-
<b>Totalt</b>			<b>80 950</b>	<b>8 450</b>	<b>35 400</b>	<b>37 100</b>	<b>-</b>

### 3. Fylkeskommunalt bidrag

Tabellen viser handlingsrommet for det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet. Det er spelt inn prosjektkostnader for 76 mill. meir enn det er i tilgjengelege midlar i avtalen. Kostnadene er rekna på same måte som ved tidlegare rulleringar, ved at prosjekt i Bergen viser kostnader frå 2027 til 2029 utan restbehov, medan prosjekt i dei andre kommunane viser kostnader inkludert restbehov.

Fylkeskommunalt bidrag	Beløp
<b>Avtalebeløp i byvekstavtalen (2019-2029)</b>	<b>4 092</b>
Rekneskap 2019-2025	2 570
Budsjett 2026	310
<b>Tilgjengelege midlar 2027-2029</b>	<b>1 213</b>
Prosjekt spelt inn HP27-29 (inkl. restbehov)	1 289
<b>Gjenstående midlar</b>	<b>- 76</b>

Prosjekta finansiert med fylkeskommunalt bidrag er lista i tabellen under. Tabellen er delt i fire. Første del er påbegynte prosjekt. Andre del er prosjekt der byggekostnadane blir finansiert med post 30-midlar. Del tre er pottar og driftsprosjekt. Siste del er prosjekt på fylkesveg i Bergen kommune. Det er ikkje vurdert måloppnåing og modenheit på påbegynte prosjekt eller på pottar og driftsprosjekt.

Prosjektnavn	Modenhe	Måloppnåing	Kostnad 27-29*	2027	2028	2029	Restbehov etter 2029
<b>Handlingsrom til handlingsprogram 27-29</b>			<b>1 213 000</b>				
<i>Påbegynte prosjekt</i>							
Etablering av trafikkikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen			1 465	1 465	-	-	-
Skogsskiftet sentrumsområde			25 310	5 530	11 400	8 000	380
Ostereidet/Lindsdalen, fortau			5 160	4 970	190	-	-
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering			800	800	-	-	-
Nonneseter			26 300	24 300	2 000	-	-
Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuiter			53 427	40 000	13 427	-	-
Apeltunvegen			2 488	2 488	-	-	-
<b>Delsum, påbegynte prosjekt</b>			<b>114 950</b>	<b>79 553</b>	<b>27 017</b>	<b>8 000</b>	<b>380</b>
<i>Post 30-prosjekt</i>							
Storetveitvegen, Hagerups vei–Minde Alle	4	9	33 770	15 500	8 520	9 750	4 000
Paradis 2. byggetrinn	3	9	28 000	15 500	4 700	7 800	14 000
Mindemyren, byggetrinn 2	3	9	10 350	3 000	1 050	6 300	47 205
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei–Fantoft), sykkelanlegg	3	9	31 420	10 000	18 570	2 850	47 930
Fortau langs Erdalsvegen ved kryss Erdal barneskole og kryss Erdal ungdomsskole	2	9	4 881	1 000	3 881	-	-
Hauge–Osøyro	2	9	46 500	2 000	10 000	12 850	21 650
Nattlandsveien, Wiers-Jenssens vei–Hagerups vei	2	9	24 800	3 000	10 000	11 800	27 900
Vilhelm Bjerknæs' vei	2	9	2 950	1 000	1 000	950	1 350
Fv 5256 Erdalsvegen	2	9	31 850	500	9 950	8 000	13 400
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	4	8	25 300	12 570	5 700	7 030	-
Nordre Hauglandsveg	3	8	10 950	3 000	2 850	4 370	730
Grimstadvegen	3	8	31 450	15 550	6 400	9 500	15 650
Fv5474 Seim, fortau og avkøyrlesanering	2	8	15 600	2 000	5 000	5 800	2 800
Fv5452 Hillesvåg–Apalen, etablering av G/S-veg	2	5	9 750	-	1 000	4 950	3 800
<b>Delsum, post 30-prosjekt</b>			<b>307 571</b>	<b>84 620</b>	<b>88 621</b>	<b>91 950</b>	<b>200 415</b>
<i>Pottar og driftsprosjekt</i>							
Drift av sekretariatet i Miljøløftet			33 000	11 000	11 000	11 000	-
Fremkommelighetstiltak mjuke trafikantar			15 000	5 000	5 000	5 000	-
Gangveier til kollektivtraseer			36 900	12 300	12 300	12 300	-
Kjøp av bybanevogner til drift av bybanen linje 2 mellom Bergen sentrum og Oasen			107 800	37 200	35 900	34 700	-
Mindre kollektivtiltak, enklere tiltak			12 600	4 200	4 200	4 200	-
Oppdatering Aimsun trafikkmodell			1 000	1 000	-	-	-
Oppgradering holdeplasser			31 200	10 400	10 400	10 400	-

Oppgradering signalanlegg og ASP			4 800	1 600	1 600	1 600	
Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar/ trafikkmodeller			3 000	1 000	1 000	1 000	-
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv			6 300	2 100	2 100	2 100	-
Reisevaneundersøkelsen (RVU)			4 056	1 352	1 352	1 352	-
Sentrums og knutepunktutvikling i Bergen - Oppstartsmidler			2 000	1 000	500	500	-
Sikker sykkelparkering i Bergen			1 000	1 000	-	-	-
Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg			129 600	57 100	36 250	36 250	-
Sykkeltelling i Bergensområdet			2 250	750	750	750	-
Trafikksikkerhet			79 200	26 400	26 400	26 400	-
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss			155 286	59 481	48 336	47 469	-
<b>Delsum, pottar og driftsprosjekt</b>			<b>624 992</b>	<b>232 883</b>	<b>197 088</b>	<b>195 021</b>	<b>-</b>
<i>Prosjekt langs fylkesveg i Bergen</i>							
Bradbenken - tiltak for mjuke trafikanter	3	9	10 000	8 000	2 000	-	-
Hesthaugvegen, Åsane terminal–Morvik, del 1: Åsane terminal–Haukedalen skole	2	9	16 000	1 000	5 000	10 000	207 400
Kjøkkelvikeien samanhengande gang og sykkeltilbod	2	8+	72 500	7 000	15 500	50 000	153 130
Bussprioritering Christiesgate -Torget	3	8	7 000	5 000	2 000	-	-
Fv 5216 Loddefjord Terminal	4	7	3 000	3 000	-	-	-
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestølvegen	3	7	53 800	2 000	10 400	41 400	94 000
Tennebekk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	2	5	11 000	-	5 000	6 000	77 500
Klostergaten, gateoppusting	3	-	67 719	25 000	25 000	17 719	-
<b>Delsum, prosjekt langs fylkesveg i Bergen</b>			<b>241 019</b>	<b>51 000</b>	<b>64 900</b>	<b>125 119</b>	<b>532 030</b>
<b>Totalt alle prosjekt</b>			<b>1 288 532</b>	<b>448 056</b>	<b>377 626</b>	<b>420 090</b>	<b>732 825</b>

#### 4. Post 66 – Belønningsmidlar til kommunane

Når det gjeld belønningsmidlar har kommunane eit samla handlingsrom på 177 mill., medan det er spelt inn prosjekt for 151 mill. Det betyr at det er 26 millionar det ikkje er planlagt bruk for.

Post 66	Handlingsrom 2027-2029	Innspel HP27-29	Differanse	Restbehov etter 2029
Bergen	109 049	106 973	2 076	-
Alver	22 060	10 500	11 560	-
Askøy	16 231	13 611	2 620	-
Bjørnafjorden	9 368	6 000	3 368	-
Øygarden	20 746	13 920	6 826	-
<b>SUM</b>	<b>177 455</b>	<b>151 004</b>	<b>26 451</b>	-

Planlagte prosjekt er lista opp i tabellen nedover, sortert etter kommune.

Prosjektnamn	Kostnad 27-29	2027	2028	2029
<i>Bergen</i>				
Bysykkelordningen i Bergen	3 000	3 000	-	-
Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	79 573	27 945	26 910	24 718
Sykkelbyen Bergen	1 500	500	500	500
Gang- og sykkelbro over Puddefjorden, reguleringsplan	3 000	2 000	1 000	-
Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune	19 900	8 500	5 700	5 700
<b>Sum Bergen</b>	<b>106 973</b>	<b>41 945</b>	<b>34 110</b>	<b>30 918</b>
<i>Alver</i>				
Belønningsmidler i Alver	10 500	3 500	3 500	3 500
<b>Sum Alver</b>	<b>10 500</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>	<b>3 500</b>
<i>Askøy</i>				
Innfartsparkeringsanlegg Løfjellet	2 000	2 000	-	-
Kv 1212 gang- og sykkelveg Kollevågvegen (Tveit - Ravnanger)	2 875	2 875	-	-
Planleggingsmidler Askøy kommune	8 112	2 704	2 704	2 704
Oppfølging av sykkelstrategi	624	208	208	208
<b>Sum Askøy</b>	<b>13 611</b>	<b>7 787</b>	<b>2 912</b>	<b>2 912</b>
<i>Bjørnafjorden</i>				
Sykelstrategi Bjørnafjorden kommune	3 000	1 000	1 000	1 000
Strategi for grøn mobilitet Bjørnafjorden kommune	3 000	1 000	1 000	1 000
<b>Sum Bjørnafjorden</b>	<b>6 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>
<i>Øygarden</i>				
Prosjektstilling for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet	3 120	1 040	1 040	1 040
Midlar til administrasjon og utvikling av mikromobilitet i Øygarden kommune	300	100	100	100
Gjennomføringmidler til tiltak i Trafikktryggleiksplanen 2025-2029	4 500	1 500	1 500	1 500
Samlepott planleggingsmidler for prosjekt i Øygarden kommune	6 000	2 000	2 000	2 000
<b>Sum Øygarden</b>	<b>13 920</b>	<b>4 640</b>	<b>4 640</b>	<b>4 640</b>

## 5. Post 66 – Belønningsmidlar til drift kollektiv

Tabellen viser Skyss sin tidlegare og planlagt bruk av belønningsmidlar til drift av kollektiv.

								Planlagt 2026 kr			
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Iverksatte tiltak ved inngang til byvekstavtalen	200	200	200	206	211	248	260	268	268	268	268
Omlagging linjenett i Bergen vår 21	0	0	26	47	48	54	57	58	58	58	58
Årlig ruteendring i byvekstavtaleområdet	0	0	0	5	10	11	16	25	35	40	44
Styrking i Bergen sentrum linje 11	0	0	0	1	1	1	1	1	1	1	1
Etablering av regionstamlinje Bergen sør - Bjørnafjorden	0	0	0	6	7	7	7	7	7	7	7
Nullutsleppbåt Bergen - Askøy og Bergen - Alver	0	0	0	0	0	0	20	21	21	21	21
Styrka rutetilbud og bestillingstransport Askøy	0	0	0	0	0	0	15	15	15	15	15
Styrka rutetilbud ved opning av Sotrasambandet - Øygarden og Bergen vest	0	0	0	0	0	0	0	0	10	15	15
Kommunikasjonstiltak -korleis få fleire til å reise kollektivt?	0	0	0	0	1	1	1	0	0	0	0
Samkjøring Askøy og Øygarden	0	0	0	0	0	3	4	4	0	0	0
Nullutslepp båt Bergen - nettoppgradering	0	0	0	0	3	10	0	0	0	0	0
Nytt tiltak											
<b>SUM TILTAK</b>	<b>200</b>	<b>200</b>	<b>226</b>	<b>265</b>	<b>281</b>	<b>335</b>	<b>381</b>	<b>400</b>	<b>416</b>	<b>426</b>	<b>430</b>
<b>TILDELT FRÅ MILJØLØFTET</b>	<b>270</b>	<b>280</b>	<b>289</b>	<b>75</b>	<b>289</b>	<b>325</b>	<b>394</b>	<b>392</b>	<b>400</b>	<b>420</b>	<b>425</b>
<b>OVERSKUDD/UNDERSKUDD PR ÅR</b>	<b>70</b>	<b>80</b>	<b>63</b>	<b>-190</b>	<b>8</b>	<b>-10</b>	<b>13</b>	<b>-8</b>	<b>-16</b>	<b>-6</b>	<b>-5</b>
<b>FOND AKKUMULERT PR ÅR</b>	<b>70</b>	<b>150</b>	<b>213</b>	<b>23</b>	<b>31</b>	<b>21</b>	<b>34</b>	<b>26</b>	<b>10</b>	<b>4</b>	<b>0</b>

## 6. Post 66 – Tilskot til reduserte bompengar og betre kollektivtilbod

Bruk av tilskotet vart drøfta i eiga sak i førre møte i prioriteringsrådet og vedtatt i styringsgruppa 27. mars i sak 14/26.

## 7. Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk

65 millionar kroner årleg vert sett av til reduserte billettprisar til kollektivtrafikk. Midlane har til no mellom anna vore nytta til takstfrys og redusert pris på månadskort. Det er fylkestinget som fattar takstvedtak. Korleis midlane vert brukt i 2027, blir avgjort i budsjettvedtak i fylket i desember 2026.

## 9. Bypakke Bergen

Styringsgruppa vedtok i sak 26/25 å bruke bompengar til prosjektering og ny regulering av bybanen byggetrinn 5. Vedtaket var:

*Styringsgruppa for bypakke Bergen vedtek at det kan nyttast inntil 640 mill. i bompengar for perioden 2025 – 2027 til regulering, prosjektering og grunnerverv av Bybanen BT5. Styringsgruppa forventar å få framlagt ei sak tertialvis der det vert rapportert på bruken av midlane.*

I prosjektarka er det lagt inn ei justert periodisering av kostnadane, som no strekk seg til 2028. Kostnadane er likevel innanfor den vedtekne ramma på 640 millionar. Dei to aktuelle prosjektarka er *Bybanen Byggetrinn 5*, som gjeld prosjektering og grunnerverv, og *Bybane fra sentrum til Sandviken*, som gjeld reguleringsplan for delstrekninga til Sandviken.

Bypakke Bergen i HP27-29 (tal i mill.-kr)	2027	2028	2029
Brutto bompengainntekter*	1 262	1 262	1 262
Netto driftsutgifter	83	83	83
Netto finansposter	101	101	101
Bybanen Byggetrinn 5	199	105,7	0
Bybane fra sentrum til Sandviken	14,5	3,75	0
<b>Netto bompengainntekter (kan brukes til nedbetaling av gjeld eller finansiering av prosjekter i prop. 11S)</b>	<b>865</b>	<b>969</b>	<b>1 079</b>
*ÅDT=260,000, gj.sn.takst = 13,3kr (prognose for 2026)			

## 10. Vegen vidare

Denne saka skal resultere i eit ferdig vedtatt handlingsprogram. Handlingsprogrammet skal også til handsaming hos partanes lokalpolitiske organ før sommaren.

## 11. Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2027-2029, og ber sekretariatet ferdigstille dokumenta i samsvar med konklusjonane i møtet. Vedtatt handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2026.